



I 2010 var det 23 førsteklassingar!

Torsdag er det skulestart med unnatak av den nye Rosendal ungdomsskule som startar måndag. I Uskedalen vert det frå start eit elevtal på 109 medan det er 17 førsteklassingar. Det er ein viss nedadgåande tendens for i fjor var det 114 då skulen byrja og for 2 år sidan var talet heilt oppe i 119 etter å ha auka med 25 på 2 år!

I heile kommunen vert elevtalet 1734 og 189 av desse er førsteklassingar fortel den førebels statistikken.

Men det er naudsynt å ta atterhald om at elevtala kan endra seg noko når skulen kjem igang.

'Rekrutteringa' er imidlertid større i Uskedalen enn ved dei nærliggjande skulane, for i Bringedalsbygda er det 12 førsteklassingar og i Omvikdalen 7. Undarheim toppar sjølv sagt - med 40.

Av Ola Matti Mathisen